



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Frank Arild Kjeseth Rath  
Lervikvegen 21  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/890 - 14/4760

Saksbehandlar:  
Øyvind Hatleli  
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:  
14.05.2014

## Landbruksak Gbnr 59/2 Kjeseter - Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning - sakshandsaming

Viser til dykkar søknad om nydyrkning på gnr/bnr 59/2 i Radøy kommune.

### Sakshandsaming:

Det er søkt om å nydyrke 15 daa skog/myr til fulldyrka jord. Målet er å styrke driftsgrunnlaget til garden for å bli mindre avhengig av leigejord. Garden vil også miste ein del areal under bygging av ny riksveg 565. Det er mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon på garden, og drifta er fylgjeleg avhengig av god grovförproduksjon. Området som skal dyrkast er myrlendt med uproduktiv skog. Skogen er stort sett rydda, men noko står att. Store deler av myra er grøfta tidlegare, så det er ikkje urørt myr som vert påverka. Heile området rundt myrområdet er prega av attgroing. Arealet er godt egnat til dyrking med flate fine områder.

Søknad om nydyrkning skal handsamast etter *forskrift om nydyrkning* FOR 1997-05-02 nr 423, og etter naturmangfaldlova dersom tiltaket rører natur- eller miljøverdiar som krev særskilt omsyn. Det skal under handsaminga leggast ekstra vekt på konsekvensar for natur- og kulturlandskapsverdiane i området jf. § 5 i forskrifta.

Området som skal dyrkast opp er i ein attgroingsfase og dyrking vil her hjelpe til å opne opp landskapet og bidra til å oppretthalde kulturlandskapet i området, som er prega av jordbruksareal. Det er ikkje registrert naturverdiar som krev særskilt omsyn. I Artsdatabanken har registrering av fleire fuglearistar i nærleiken, men alle er av livskraftig bestand. Naturbase har ingen registrerte naturtypar i nærleiken av tiltaket.

Avrenninga frå myra endar opp i Hallandsvatnet, og det vil vera viktig under dyrkingsarbeidet at ein har kontroll på avrenninga frå området. Auka jorderosjon under dyrkingsarbeidet kan resultere i auka forureining til Hallandsvatnet, eit vatn som allereie har därleg vasskvalitet. Dersom det viser seg at avrenning vert eit problem må tiltakshavar setje i gong tiltak for å hindre dette. Det kan vere ein midlertidig fangstdam eller andre tiltak som syner å fungere. Ta kontakt med kommunen dersom det viser seg å verte eit problem.

Søknaden har vore sendt på uttale til Hordaland fylkeskommune som er regional kulturminnesmakt. Det har ikkje kome utttale på saka frå dei, men dersom det under arbeidet kjem fram kulturminner av historisk verdi skal fylkeskommunen varslast straks og alt arbeid stoggast til funnet er undersøkt.

Garden er per i dag avhengig av leigejord, og vil miste noko dyrkamark under arbeid med ny veg. Det er difor ynskjeleg å styrke driftsgrunnlaget for drifta for å verte mindre avhengig av leigejord, jf. jordlova § 1. Arealet ligg i tillegg attmed resten av dyrkamarka til garden, og vil vere ei driftsmessig god løysing nå dyrkinga er ferdig jf. § 5 i forskrifta.

Dyrkinga og grøftinga av området må gjerast på ein landbruksfagleg god måte.

Landbrukskontoret finn at ein kan gje løyve til Frank Arild Kjeseth Rath om nydyrkning av omsøkt areal på eigedomen hans gnr/bnr 59/2 i Radøy kommune.

**Vedtak:**

Frank Arild Rath får løyve til å nydyrke 15 daa på gnr/bnr 59/2 i Radøy kommune som omsøkt.

**Vilkår for løyvet:**

- Dyrkinga skal skje slik kart og søknad syner.
- Tiltakshavar skal setje i gong tiltak for å hindre auka avrenning mot Hallandsvatnet, dersom det vert naudsynt.
- Dyrkinga og grøftinga av området må gjerast på ein landbruksfagleg god måte.
- Dersom det under arbeidet kjem fram kulturminner av historisk verdi skal fylkeskommunen varslast straks og alt arbeid stoggast til funnet er undersøkt.

Vedtaket har heimel i *forskrift om nydyrkning* FOR 1997-05-02 nr 423.

Vedtaket kan klagast på jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker etter at vedtaket er motteke.

Ta kontakt med underteikna dersom noko er uklårt.

Med helsing

Øyvind Hatleli  
spesialkonsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Frank Arild Kjeseth Rath

Lervikvegen 21

5936

MANGER